



Christa og Lothar Hannuschka har mange gode minne frå 28 år på ferie i Uskedalen. Lothar har vore korsongar. Her syner han fram ei notebok for munnspele, som uskedalen.no fekk i gåve.

Noreg er vårt andre heimland og Uskedalen er vår andre heim plass, seier ekteparet Christa og Lothar Hannuschka til Uskedalen.no på den siste dagen før avreise frå Rabben Feriesenter i Uskedalen til Dortmund i Tyskland. Frå 1990 og kvart år framover har Christa og Lothar lagt ferien sin til Uskedalen. På desse 28 åra har dei knytt kontakt med bygda og folkelivet her. Dei har mange minne og gode opplevingar å sjå tilbake på.

Det heile tok til med tre rundreiser i Lofoten og Troms. På ein av turane kom dei via Voss, Granvin til Kvinnherad. I Rosendal var det ingen campingplass. Dei valde Uskedalen. Det var tilfeldig, men det synte seg å vera eit godt val. Her har dei kome kvart år med bil og campingvogn. Fiske og fjellet var viktig den fyrste tida. Med alderen og litt dårlegare helse vert det meir ro og turar i nærrområde. Frå plassen ytterst på odden i elvosen har dei panoramautsikt og ser på laksen som hoppar, minken i stranda, skarven og svaneparet med ungane sine.



Lothar har restaurert fire veterantraktorer. Alle er i god stand og kan køyrast.

Heimbyen deira er Dortmund sentralt i Tyskland. Turen til Uskedalen begge vegar er 2600 km. Dei legg inn stopp i Danmark og på Evje i Sætedalen. Christa er 72 år og har vore tannlegeassistent. Lothar er 75 år har hatt jobben sin i Philips på lys. Dei har to born og fem barneborn. Oldefar til Lothar hadde etternamnet Hannuschka, kom frå Berlin og var omreisande slaktar.

Lothar har brukt mykje av fritida si på restaurering av gamle traktorar. Han har fire veterantraktorar i fullgod stand. Det er merka Hannomac, Fahr og Holder. Traktorane er registrerte og i køyrbar stand. Kvart år er Lothar og sonen med på traktortreff 2 mil utanfor Dortmund. Han er ofte innom Olsen si traktorsamling i Uskedalen.

Ekteparet Hannuschka har lagt sin elsk på Skorpo. Kvart år er dei med på gudstenesta der. På turen opp til Skorpefjellet vert det ofte eit møte med Johannes Hauge i tunet hans. Ola Matti Mathisen var ein god ven. Han snakka tysk og var ofte innom på camping. Familien Høgemark har i mange år vore ein god kontakt å ha i Uskedalen.

Det er uvisst om det vert fleire turar til Uskedalen. Til neste år står Sverige for tur, saman med eit venepar. Alderen og helsa er avgjerande for om ein kan ta ut på så lange turar etter dette.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Tolk: Reidar Myklebust



Ein FAHR traktor, eit merke som vart brukt på gardsbruket til Torgeir K. Kjærland i Uskedalen.